# ÅRSMELDING 2024
## Vågå sokn



26.05.2025

Kari Tossen
fungerende kyrkjeverje

DEN NORSKE KYRKJA

26.05.25

Årsmeldinga er ei oppsummering av ein del viktige trekk frå driftsåret. Rådet har gjort vedtak i 47 saker, inkludert orienterings- og referatsaker og det har vore 8 ordinære møter.

# 1 Vågå sokneråd og Vågå kyrkjelege råd

Sokneråd er styringsorganet i vår kyrkjelyd og har det strategiske ansvaret for å vere kyrkje lokalt. Inkludert kommunal representant har sokneråd også fellesrådsfunksjon, med styring av saker som angår økonomi, kyrkjebygg og gravferdsforvaltning.
Vågå kyrkjelege råd er såleis arbeidsgjevar for dei tilsette, utanom soknepresten som er tilsett i rDNK.

**Soknerådets medlemmar i driftsåret 2024:**

| Faste medlemmar | |
|---|---|
| Erik Lillebråten | Leiar |
| Turid Grimsbø Snerle | Nestleiar |
| Arve Aasheim | Medlem |
| Andre Nesset | Medlem |
| Kari Aasgaard | Medlem |
| Elisabet Øvstedal | Medlem |
| Cynthia Slomp Renaa (sokneprest) | Medlem (geistleg representant **fram til 1.7**) |
| Birgitte Bentzrød | Medlem (geistleg representant **frå 1.7 – 28.10**) |
| Anne Borgen | Medlem (geistleg representant **frå 28.10**) |
| Åsta Røhr Kleiven | Kommunal representant i Fellesrådet |

**Varamedlemmar:**
Monika Øyen (1. vara), Oddrun Haugen (2. vara), Aud Andersbakken Fresvik (3. vara) Helen Larsdotter Svare (4. vara) og Ragnhild Herlofsen Kveen (5. vara). I september søkte Svare og vart innvilga fritak ut resten av perioda.
Prost Birgitte Bentzrød er vara for soknepresten og Karola Wenzel er vara for kommunal representant.

Godtgjersle til dei folkevalgte utgjer kr. 38 440,- . I tillegg kjem leiargodtgjersle på 24 800,- så totale utgifter er kr. 63 240,-

| **Statistikk** | **2024** | **2023** | **2022** | **2021** | **2020** | **2019** | **2018** | **2017** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Møter i kyrkjeleg råd | 8 | 8 | 4 | 5 | 8 | 8 | 7 | 7 |
| Møter i adm.utval | 2 | 1 | 2 | 3 | 2 | 2 | 2 | 1 |

# 1.4. Soknerådet sine utval

**Administrasjonsutvalet**
Utvalet hadde to møter i 2024.
Utvalet skal ivareta dei tilsette sin medbestemmelse i forvaltninga av personpolitisk karakter, og er partsamansatt. Utvalet skal behandle saker som gjeld forholdet mellom dei tilsette og fellesrådet som arbeidsgjevar. Medlemmar i perioden var Erik Lillebråten (leiar), Turid Grimsbø Snerle (nestleiar) og Elisabet Øvstedal frå soknerådet med Monika Øyen som vara. Kari Fossen og Stein Martinussen var representantar frå dei tilsette. Martinussen gjekk bort i oktober og det var resten av året kun ein representant frå dei tilsette. Sekretær var kyrkjeverje Johanne Krogstadmo.

**Arbeids- og økonomiutval**
Turid Grimsbø Snerle, Arve Aasheim og kyrkjeverje Johanne Krogstadmo er medlemmar. Vara her er Erik Lillebråten.

# 1.5. Planmessige utval

Vågå sokneråd fungerer også som kyrkjeleg fellesråd, og oppnemner fleire utval til å jobbe med arbeidet i kyrkjelyden. Planmessig arbeid skjer både på kort og lang sikt, og det kan vere år der utvalet av ulike årsaker ikkje har vore samla eller utført noko arbeid.
For kortvarige prosjekt er det difor meir hensiktsmessig å oppnevne komitéar. Slik kan det og bli lettare å engasjere friviljuge som har lyst til å vere med for ein kortare periode.

**Trusopplæringsutvalet**
Kyrkjelydspedagog Herborg T. Bergli, Cynthia Slomp Renaa (sokneprest fram til 1.7), organist Ragnvald Sørensen frå 1.7 og Aud Andersbakken Fresvik er medlemmar.

**Gudstenesteutval**
Sokneprest og organist har fast plass i utvalet. I tillegg så er Even Lusæter og Erik Lillebråten med. Utvalet hadde ikkje møte i 2024.

**Diakoniutval**
Aslaug Valde (leiar/sekretær), Gunhild Ulsand, Kirsti Solvor Bergseth Finsrud, Torill Kjøk, Marit Steen, Cathrine Renaa, Cynthia Slomp Renaa til 1.7 (sokneprest). Utvalet hadde 2 møter i 2024.

**Gravplassutval**
På møte i januar vart kyrkjeverje Johanne Krogstadmo, Kari Aasgaard, Dag Aasheim, Stein Martinussen og Åsta Røhr Kleiven valt som representantar. Det har ikkje vore aktivitet på lang tid i dette utvalet.

**Kyrkjemusikk – og kulturutval**
Utvalet består av organist Ragnvald Sørensen frå 1.7, Turid Grimsbø Snerle og Andre Nesset. Utvalet hadde to møter og det er fyrste året det er i drift.

# 1.6. Komitéar

**Redaksjonskomité**
Redaksjonen gav ut 4 nummer av Kyrkjeblad for Vågå i 2024, men hadde kun eitt møte.
Kari Fossen (redaktør), Erik Lillebråten og Kari Aasgaard.

**Jubileumsbok**
Ivar Teigum (redaktør), Erik Lillebråten, Kari Aasgaard og Dag Aasheim

# 2 Administrasjon og styring
# Økonomi

**Avtaler mellom Vågå kommune og Vågå kyrkjelege fellesråd**
Vågå kommune sine løyvingar til kyrkja er samansett av to komponentar;
- tilskot i form av løyvingar som kommunestyret avgjer i kommunebudsjettet
- tilskot i form av tenester kommunen yter

Vågå kyrkjelege fellesråd søkte om ei kommunal rammeoverføring for 2024 på kr. 3.000.000,-.
Tilrådinga frå rådmannen som vart vedteke i kommunestyret den 14.12.2023 vart ei overføring til Vågå kyrkjelege fellesråd på kr. 3.100'.
I tillegg kjem ei kommunal tenesteytingsavtale til ein verdi av kr 300 000,-.

**Husleigeavtale/kontorlokaler kommunehuset**
Vågå kyrkjekontor leiger lokaler i kommunehuset. Utgifta må dekkast under drift.
Kontorlokala fungerer godt, det einaste vi kan sakne er eitt rom vi kan bruke som lager.
Vi fekk etter oppussinga i fjor eitt møterom med kjøkken som vi har til rådigheit, vegg i vegg med kontorlokala. Dette er til bruk for alle i kommuna, så her må ein reservere ved behov.
Sum årleg husleige inkl. felleskostnader utgjorde i 2024 kr. 266 000,-.

**Tilskot frå rettssubjektet Den norske kyrkja til Vågå kyrkjelege fellesråd**
- frå rDnK mottok soknet tilskot til trusopplæring på kr. 258 868,- .

**Driftsresultat 2024**
Driftsresultatet for Vågå Kyrkjelege fellesråd viser eit mindreforbruk/overskot på kr 422 140,07. Meirforbruket frå 2023 pålydande kr. 131.918,67 vart så dekt inn. Dette fører til eitt rekneskapsmessig overskot for 2024 pålydande kr. 290 221,40.
Rekneskapen er ført av Vågå kommune. Revisjon er utført av Innlandet Revisjon IKS.

**Investering**
Investeringsrekneskapet for 2024 syner kr 9 884 i kjøp av aksjer. Beløpet gjeld årets eigenkapitalinnskot i KLP.

**Løn- og sosiale utgifter**
Dette er den største utgiftsposten i kyrkjerekneskapen. Samla lønsutgifter inkludert sosiale kostnader var på 2 643 807,47.

# 3 Kyrkjestaben i Vågå

## 3.1. Tilsette

**Soknets tilsette i 2024**

| | |
|---|---|
| Johanne Krogstadmo (100%) | Kyrkjeverje |
| Kari Fossen (100%) 80% frå 1.7 | Sekretær/Admin. Vågå kyrkjelege Gåvefond |
| Stein Martinussen (100%) fram til 1.10 | Kyrkjegardsarbeidar |
| Cathrine Renaa (20%) fram til 1.6 | Klokkar |
| Herborg Thuridardottir Bergli (50%) | Kyrkjelydspedagog |
| Cynthia S. Renaa (100%) fram til 1.7 | Sokneprest |
| Ragnvald Sørensen (80%) frå 1.7 | Organist |
| Anne Borgen (100%) frå 28.10 | Vikarierende sokneprest |

I tillegg har Ragnvald Sørensen vore lønna frå Hamar Bispedømme i 20% stilling for å ta ansvar for konfirmantarbeidet dette året. Dette var gjeldande frå august og som eitt resultat at vi var utan fast prest. Han skal følgje kullet fram til over konfirmasjon våren 2025.

**Vikarar:** Organist Eirik Matias Urdi frå Skjåk har fyrste halvdel av året på det næraste vore fast vikar hjå oss på messer, andakter og kyrkjelege handlingar. Det har vore ei svært god løysing for Vågå fram til vi fekk egen organist på plass 1. juli.
Else Bakke Bergli, Aslaug Valde, Anne-Karin Apalseth og Randi Rustad har stilt opp som klokkarvikarar ved behov.
Even Nyhagen og Iver Lillebråten var tilsette som sommarhjelp på gravplassen som ein del av tenesteytingsavtalen med kommunen, og heldt kyrkjegarden i god orden. Dei var hjå oss frå veke 26 og ut veke 33, tre dagar fast pr. veke.
Emil Hanslien Gulbrandsen var tilsett som guide i Vågåkyrkja i to sommarmånader med oppstart 22. juni.

Vi mista i haust kyrkjegardsarbeidaren vår. Stein Martinussen har vore tilsett i fellesrådet i nær 39 år. Han døde brått i haust og vart gravlagt frå Vågåkyrkja den 11. oktober. Fellesrådet har bestilt Norges Vel's fortjenestemedalje for lang og tro teneste. Denne skal leveres dei etterlatte i ei messe sommaren 2025.

**Stabsmøter**
Dei tilsette møtast til stabsmøte annakvar tysdag for å evaluere det som har vore og gå gjennom det som står framfor oss. Det er viktig att alle er involvert og er kjent med det som skjer for å sikre kvalitet på utføring av arbeidsoppgåvene, samt oppfølging av planar. Siste del av året deltok det ein person frå fellesrådet på stabsmøtene.

**Sjukefråvær og arbeidsmiljø**
Vi har lagt eit krevande år bak oss.
Dette syner seg i sjukefråværet, som i år ligg på 16,7%. Snitt for bransjen er 5,1%.
Det har vore mykje uro, og både dei tilsette og våre folkevalte har stått i ei vanskeleg og svært utfordrande tid. Særleg frå påske og utover.
Fagforbundet, Kirkens Arbeidsgiverorganisasjon (KA) og bedriftshelsetenesta har vore inne for å avhjelpe. Prost, biskop og kyrkjeleg råd i Vågå har stilt opp og bistått i arbeidet med å sikre eit trygt og forsvarleg arbeidsmiljø på kyrkjekontoret og i kyrkja.
Sjukelønsrefusjonane for i år utgjer 226 774,- kroner.

## 3.2. Frivillig arbeid

Vi har ein god gjeng som kvar vår kjem og er med på vårdugnaden på kyrkjegarden. Det set vi stor pris på. Vi vonar det blir fleire yngre som etter kvart blir med da vi ser at vi snart er inne i eitt generasjonsskifte, og treng meir yngre krefter. Det blir færre og færre som møter. På olsokkvelden har vi og med oss friviljuge som er med og ordner til kyrkjekaffe på Sandbukapellet. Her er det alltid gode kaker og varm kaffe. Det er tre foreiningar som har denne kvelden på omgang; Sjårdalen Kvinnelag, Tessand Hjelpeforening og Vågå/Nordherad Sanitetsforening. Ellers har vi med oss frivillige tekstlesarar i messer og hjelp når det er spesielle arrangement i kyrkja. Her stiller og fellesrådsmedlemmane opp.

# 4 Kyrkjebygget/kyrkjegarden

I 2024 har det vore utført berre mindre vedlikehaldsoppgåver på sjølve kyrkjebygget. Vi hadde god rundvask inne i kyrkja før konfirmasjonsdagane og til jul. Til jul fekk vi god hjelp av ukrainske og norske venner til dette arbeidet.

På kyrkjegarden hadde vi om hausten trefelling av to store bjørketre ved hovudinngangen. Det vart innleigd folk frå firmaet Terjes utleige til dette da det var nødvendig med lift til arbeidet. Det har vore innkjøpt god matjord til planering av fleire gravfelt på gravplassen.

**Turisttenesta**

Kyrkja hadde turistteneste frå 22.06 - 11.08. Emil Hanslien Gulbrandsen var tilsett som guide i kyrkja. Kyrkja var stengt kvar onsdag og fredag som er våre gravferdsdagar.

| | **2024** | **2023** | **2022** | **2021** | **2020** | **2019** | **2018** | **2017** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Gåve-inntekter | -61 735 | -37 310 | -37 280 | -22 742 | -400 | -42 844 | -63 326 | -42 526 |
| Andre inntekter | -1 030 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -15 789 | 0 |
| Løns-kostnader | 70 868 | 37 851 | 77 300 | 27 765 | -97 | 20 601 | 100 175 | 19 485 |
| Diverse | 1 134 | | | 0 | 16 | 12 385 | 42 665 | 0 |
| **Resultat** | **-9 238** | **-541** | **-40 020** | **-5 023** | **481** | **9 857** | **-63 725** | **23 041** |

# 5 Gravplassen

**Graver**
Det er eit krav at det er 3 % ledige graver i forhold til folketalet, det vil seia 105 graver.
Vi er godt innanfor. Tal ledige graver på Vågå gravplass pr. 31.12.2024 er 407.
På gravplassen er det 31 gravfelt, 2578 graver og 3595 gravlagde. I 2024 var det 36 kyrkjelege gravferdsseremoniar i kyrkja, av desse var det 6 som vart bisett. Det var og ein seremoni i kapellet ved Vågåheimen. I desse gravferdsseremoniane var det 3948 deltakarar, noko som gjev eitt snitt på nær 110 personar.

**3.3 Gravstellavtaler på Vågå gravplass**
Fellesrådet har gjort vedtak om å ikkje inngå nye stellavtaler. Gravstellavtaler er ikkje ei lovpålagt oppgåve, og det er nå ikkje mange gravstellavtaler som står att hjå oss. Det er Lugumstugu som utfører plantinga.

**3.4 Kommunal tenesteyting**
Tenesteytingsavtale mellom Vågå kommune og Kyrkjeleg fellesråd betyr mellom anna at kommunens vaktmeisterteneste skal vere med på kyrkjegarden ved opptaking og lukking av grav, og elles til graslått om sommaren. I tillegg til vikar ved ferie og sjukdom. Kommunal tenesteyting frå kommunen er ca. 300 000. Verdien av tenestene ytt på kyrkjegarden er omlag 190' på årsbasis.

**3.5 Avfallshandtering og forureining**
På gravplassen har vi mange stasjonar med avfallsdunker. Vi ber folk sortere ut hageavfall i dei merka dunkene, men vi opplev ofte at folk ikkje alltid er så flinke. Overskuddsmasse frå gravplassen ligg bak ved driftsbygget og vert henta av eksternt firma for bortkjøring etter behov. Dette skal være rein masse utan søppel. All søppel går i den store containeren vi leiger og vert henta når vi ber om det. Får vi lekkasje frå maskiner så har vi rutiner for oppsamling. Blomsterleverandørane har nå gått over til nedbrytbart materiell når det gjeld båredekorasjonar mm. Sløyfer på dekorasjoner skal takast av og legges i container. Rester av stearinljos frå kyrkja blir levert til gjenbruk. Vi prøver å sortere ut papir frå kyrkja som vi tek med til kontoret for papirinnsamling. På kontoret har vi sortering på lik linje slik vi har det heime.



Ein velstelt gravplass er noko folk legg merke til, likeeins er det og om den ikkje er i orden.
Det er derfor viktig med god hjelp i sommarmånadensåe for å halde grøntareala våre i orden,
og vi er svært takksame for ungdommane som er utlånt frå kommunen. Dei gjer ein god og viktig jobb.

# 6 Soknets aktivitet

## 6.1 Spesielle arrangement og aktiviteter

- Gudsteneste med feiring av Samenes nasjonaldag – 6. februar
- Musikkstunder/andakter på Vågåheimen
- Fastelavnssøndag med utdeling av 6-års boka
- Fasteaksjon med bøsseinnsamling for konfirmantane, dei samla inn kr. 29 536,-
- Presentasjonsgudsteneste for våre nye konfirmanter
- Dugnad på kyrkjegarden med kaffe til alle oppmøtte
- Konfirmasjonsmesser fordelt på to dagar. Her deltok musikkgruppa 5 Åver
- Setermesse på Borkhus sæter i Sallia, 23. juni. Denne gongen også med dåp.
- Busstur til Maihaugen i regi av Diakoniutvalet
- Olsokmesse i Sandbu kapell, 29. juli. Kyrkjekaffe med Tessand Hjelpeforening.
- Kyrkjeklubben 6 laurdagar fram til sommaren. Totalt 18 born innom.
- Konfirmantjubileum for kulla frå 1954, 1964 og 1974. 159 invitert, ca 50 møtte.
- Hausttakkemesse m/utdeling av 4-års boka
- Allehelgensmesse, 3. november. Her deltok medlemmar frå Lalm Musikkforening.
- Ljosmesse med konfirmantane 1. s. i advent. Her deltok ukrainere med song.
- Julegudsteneste for tre barnehager, barneskulen og ungdomsskulen
- Overrekkelse av 25 salmebøker i stor skrift til bebuarane på Vågåheimen
- Kveldsbøn i Vågåkyrkja, to gonger før jul.
- Musikkundervisning med Hans Dur Molvik, her deltok 9 stk.
- « Ein varm time» med Geir Vik. Arrangør kulturutvalet i Vågå sokn

# 6.2. Prestetenesta

Vågå sokn har sokneprest i 100% stilling og hadde 53 forordna gudstenester i 2024 fordelt på kyrkja, Lalm samfunnshus, Sandbukapellet og Vågåheimen. I tillegg var det 7 institusjons-andakter og nokre reine musikktimer på Vågåheimen. Vi har hatt mykje prestevikarar i år for å dekkje opp ved sjukdom. Frå 1.7 var vi fram til 28.10 utan fast prest, da fekk vi vikar Anne Borgen på plass i 100% stilling. Soknepresten deltek fast i kommunens psykososiale kriseteam.

# 6.3. Gudsteneste og statistikk

Vi har i Vågå gledeleg god oppslutnad kring dåp og konfirmasjon. Slik er det også i år. Samtidig les vi utifra statistikken at vi ligg nær på det jamne i antal som går til gudsteneste og ein liten oppgang av dei som går til nattverd ifht fjoråret.

I 2024 var vi attende på «normalen» med tre barnehagemesser og to skulemesser i kyrkja før jul. Når vi har utdeling av fire og seksårs bok så ser vi at mange barnefamiliar kjem til messa. Det blir fine møtepunkt for små og store i lag.
Vi hadde og for fyrste gong på mange år familiemesse på Lalm samfunnshus palmesundagen. Her fekk vi hjelp av to damer frå Lalm pensjonistforeining til kyrkjekaffe. Dei hadde og pynta og ordna huset så alt var klart til vi kom. Vi vonar dette kan bli ein fast tradisjon.

| **Statistikk** | **2024** | **2023** | **2022** | **2021** | **2020** | **2019** | **2018** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Messer – forordna | 53 | 52 | 60 | 50 | 42 | 54 | 56 |
| Nattv.gjester - ved ant messer | 521<br>33 | 500<br>31 | 784<br>38 | 477<br>26 | 304<br>17 | 766<br>41 | 822<br>41 |
| Gjester ved alle messer og andakter | 2980 | 3033 | 3909 | 2204 | 1988 | 3239 | 3789 |
| Døypte | 19 | 33 | 32 | 32 | 30 | 30 | 34 |
| Gravlagde | 38 | 44 | 49 | 37 | 38 | 35 | 51 |
| Innmeldt i DnK | 0 | 1 | 3 | 1 | 4 | 1 | 0 |
| Utmeldt i DnK | 6 | 7 | 10 | 10 | 4 | 7 | 1 |

| Offer i kyrkja/ fasteaksjon | 2024 | 2023 | 2022 | 2021 | 2020 |
|---|---|---|---|---|---|
| Offergåver totalt | 56 308 | 51 516 | 50 427 | 61 114 | 53 514 |
| Til andre organisasjoner | -15 170 | -34865 | -13 197 | -7 282 | -4 174 |
| Diakoniarbeid | 6 031 | 3838 | 6 238 | 3 103 | 4 437 |
| Trusopplæring | 10 84 | 9 335 | 11 660 | 6 183 | 6 635 |
| Konfirmant-arbeid | 24 851 | 22 727 | 19 332 | 20 881 | 16 277 |
| Fasteaksjon- vidaresendt Kirkens nødhjelp | Totalsum vipps/bøsse -29 536 Bøsse/innsamla 14 228,- | -36 768 | -34 320 | -23 665 | -23 665 |

**Organisasjon som vart tildelt offer:** Offergåver som vart vidaresendt gjekk til NMS, Himalpartner, Den norske sjømannskyrkja, Kirkens Bymisjon, Kirkens SOS Innlandet og til NRK TV-aksjonen.

Frå hausttakkefesten i Vågåkyrkja. Kyrkja er vakkert pynta av Vågå bygdekvinnelag.

# 6.4. Informasjon

Vi har dette året gjeve ut fire nummer av Kyrkjeblad for Vågå i vår 59. årgang.
Som åra før så har det kome ut fire blad; påskenummer på 24 sider, sommarnummer på 16 sider, haustnummer på 20 sider og juleblad med 20 sider. Alle blada i fullfarge A4 format.
Vi har med giro i bladet i påskenummeret. Bladet kan betalast til konto og med Vipps.

Redaksjonen har bestått av Kari Aasgaard, Erik Lillebråten og Kari Fossen.

Det er Dale Gudbrand Trykkeri som står for oppsett og trykking. Posten er distributør av bladet, og bladet blir også distribuert frå Dale i Sel og oppover Ottadalen pga kryssande leveringsrute når det gjeld kommunegrenser. Vi sender i tillegg bladet til privatpersonar som bur utanfor kommunen og som har tinga bladet. Det blir og lagt ut blad på Vågåheimen, i kyrkja, samt på servicetorget på kommunehuset.

Vågå Kommune har sidan blad 2/2016 nytta kyrkjebladet til kommunal informasjon. Vågå kommune betaler kr. 10 000,- for kvart nummer der dei disponerar fire sider. Samarbeidet fungerer fint. Vi vurderer frå og med neste år og gå ned til tre utgåver i året.

| Kyrkjebladet | 2024 | 2023 | 2022 | 2021 | 2020 | 2019 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Trykking/ utsending | 116 537 | 140 750 | 146 347 | 120 849 | 112 524 | 112 266 | 116 817 |
| Avsetning til fond | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Gåver/ Kontingenter | -46 094 | -47 688 | - 23 448 | -31 716 | -39 650 | -37 850 | -37 950 |
| Tilskot | -3 000 | -3 000 | -3 000 | -3 000 | -2 000 | -2 000 | -2 000 |
| Annonse-inntekter | -54 525 | - 54 375 | -52 500 | -38 600 | -31 380 | -43 200 | -38 200 |
| Bruk av fond | 0 | 0 | 0 | -15 000 | 0 | -35 000 | |
| Resultat | 41 838 | 35 677 | 67 399 | 32 533 | 34 885 | -5 784 | 38 677 |

**Sosiale medier/Nettside**
I tillegg til Kyrkjebladet så vert det lagt ut informasjon på kyrkja si nettside www.vagakyrkja.com og på soknet si Facebookside «Vågåkyrkja».
Vi har heller ikkje i år kome oss i gang med å lage ny og meir funksjonell heimeside via Kirkepartner.

# 6.5. Trusopplæringa

**ved kyrkjelydspedagog Herborg T. Bergli**

STØRST AV ALT
TRO • HÅP • KJÆRLIGHET

Året 2024 har vært begivenhetsrikt, både på godt og vondt. Noe turbulente tider med konflikter, sykefravær, oppsigelse og permisjon. På den positive siden har vi fått en fast organist på plass og en fast prestevikar, som gjør arbeidet i trosopplæringen rikere og mer kontinuerlig.
Hovedmålene for året har vi delvis nådd. Kurs for menighetspedagog i babysang ble det ikke noe av, men tiltaket ble likevel igangsatt i januar. Det er nå blitt et av våre faste tiltak, en gang i måneden, i samarbeid med Frivilligsentralen med i snitt 10 barn m/forelder på hver samling. Samarbeid med undervisningsansatte i Nord-Gudbrandsdalen styrkes for hvert år som går, og nå er de aller fleste med på HEKTA-leir på Lillehammer med sine konfirmanter.

**Faste tiltak**
Utdeling av fire og seksårsbok i kirken er et godt innarbeidet breddetiltak med godt oppmøte. Seksårsboken er delt ut i messen på Fastelavnssøndag og 8 barn mottok boken i år. Alle i kullet som er døpt fikk også invitasjon til førsamling 1,5 timer før gudstjenesten startet. Der lagde vi fastelavnsris, sang sanger fra 6-årsboka og fargela i arbeidshefte som hører til boken.

Fireårsboken er delt ut i Høsttakkemessen som er i september. 11 barn mottok boken denne gangen i messen. Ei etter samling ble avholdt omtrent en måned senere, og der ble det videre utdelt 7 bøker.
Tårnagentdagen for 8-åringer i mars ble avlyst grunnet ingen påmeldte.
Krøllesamling for 2-åringer ble avholdt med 5 barn til stede. Alle hørte fortellingen om sauen som ble borte, og fikk tøylammet Krølle med seg hjem til odel og eie.
Til gudstjeneste for de minste (3 år) møtte det opp 5 barn med foreldre, dette er noe økning fra året før da det møtte kun 2 barn til samlingen.

I samarbeid med Kirkeklubben i Vågå ble alle døpte 5-åringer invitert til juleverksted på Frivilligsentralen. Dette tiltaket var nytt i fjor. I år ble det ingen påmeldte og grunnen til det mest sannsynlig at vi planla samlingen for tett inntil jul. Neste år blir det lagt inn tidligere i kalenderen.

**Nye tiltak**
I samarbeid med Kirkeklubben i Vågå inviterte vi alle døpte 13 åringer til påskesamling på Frivilligsentralen. Vi fortalte påskefortellingen og brukte flanellograf for visualisering. Her fikk vi mye innspill og spørsmål fra deltakerene. I etterkant sang vi, lagde påskepynt og spiste boller og frukt. Vellykket tiltak som blir gjentatt, gjerne med to årganger neste gang.

I forbindelse med påskegudstjeneste på Lalm samfunnshus Palmesøndag, fylte menighetspedagog opp sekken med artige men enkle formingssaker, slik at de oppmøtte barna kunne velge seg aktivitet og sitte ved eget bord og lage påskepynt. Det var kun 2 barn til stede, men de voksne syntes det var minst like gøy med forming så de aller fleste fant noe de likte å lage.

Litt utpå høsten startet organisten i Vågå opp med prosjektkor for barn 5-12 år. Målet var at koret skulle fremføre noen sanger på julegudstjenesten i Vågåkyrkja. 9 barn møtte opp til

første øvingskveld. Noen falt av underveis, men totalt 6 sangere ble med de fem kveldene frem mot julekvelden. Dette er svært vellykket og blir gjentatt til høsten 2025.

**Samarbeid**
Trusopplæringsutvalg har hatt kun ett møte i 2024, dette av forskjellige grunner. Oppfølging av trosopplæringstiltak, frivillighet og samarbeid på tvers av kommunegrensene, særlig ang. konfirmanter, var aktuelle temaer i møtet. Nytt trosopplæringsutvalg tredde i kraft fra 2024 der hovedfokuset i første omgang blir systematisk jobbing med rekruttering av frivillige til barne- og ungdomsarbeidet i Vågå. I tillegg er det viktig for utvalget å få økonomien avklart, et fast beløp i året er det som må til for å kunne planlegge videre.
Undervisningsansatte i Nord-Gudbrandsdalen har hatt et par møter hvor deltakere delte sine erfaringer i barne- og ungdomsarbeidet. De aller fleste kommunene har nå samlet seg om å dra på konfirmantleir til Lillehammer sist i jan. Fra Vågå reiste det 23 konfirmanter på leir.
I videre samarbeid blir det fokus på digitalisering av for eks. invitasjoner og evaluering av div.

**Ønsker og mål**
Det aller viktigste for oss i trosopplæringsutvalget er å få innsikt i økonomien, et fast, årlig beløp til disponering hvor utvalget kan bruke evt. restbeløp til investering på dyrere ting. Målsetting for 2024 er å fortsette å styrke arbeidet rundt de faste tiltakene og sette igang nye f.eks. prosjektkor med eldre barn og Legoklubb. Likeens det å samarbeide med andre menighetspedagoger i Nord-Gudbrandsdalen, og Kirkeklubben i Vågå, og dermed styrke trosopplæringen i Vågå sogn.

# 6.6. Diakoni

v/ leiar Aslaug Valde
Medlemane i utvalet var: Kirsti S. Bergseth Finsrud, Torill Kjøk, Gunhild Ulsand, Cathrine Renaa og Aslaug Valde. Sokneprest Cynthia Slomp Renaa fram til 1.7, frå 1.11 vikarierande sokneprest Anne Borgen.

Utvalet har hatt eitt styremøte dette året, dette var den 15. april.
Årets sommartur gjekk med 17 deltakarar til Maihaugen på Lillehammer. Det var også i år Jotunheimen Turbusser som kjørte oss. Turen var den 13. juni.
Besøkstenesta på Vågåheimen fortset kvar veke, fortrinnsvis på fredagar. Det er alle medlemmane med unntak av soknepresten som deltek på dette.
Førjulstreffen som bruker være på Frivilligsentralen ein laurdag rett før jul gjekk i år ut.

**Misjonsprosjekt**
NMS sitt arbeid i Etiopia var Vågå sokn sitt Misjonsprosjekt i fjor. I 2024 vart det og vedteke å ha Himalpartner som misjonsprosjekt. Det var ein ambisjon å ha meir fokus på misjon i 2024, dit kom vi ikkje.

**Kirkens SOS**
Kirkens SOS i Innlandet er ei diakonal kriseteneste som tilbyr tenester over telefon og internett. Tenestetilbodet går ut til alle, med utgangspunkt i den som ringer inn sine behov og ønskjer. Vi betaler kontingent hit.

# 6.7. Kyrkjemusikk

**Kyrkjekonsertar**

- Konsert med Country Queens 22.3
- Konsert med Sigrid Moldestad & Hazelius Hedin 6.12
- Konsert med Knut Buen og Kåre Nordstoga 22.2
- Konsert med Gjeling Ljomen og Reidar Svare 12.12
- Konsert med Hans Dur Molvik 28.9
- Konsert i anledning Vågåtreffen 1.12
- Julekonsert med Vågå sangkor 20. 12

Musikkgruppa 5 Åver frå Lalm deltok også i år på konfirmasjonsmessene våre.
Ukrainske Adriana og Volodomyr har vore med å berika gudstenestene våre med vakker song.

Siste del av året har organisten jobba for å få med friviljuge innan musikk og song til seremoniar med kyrkjelege handlingar og i enkelte gudstenester.

Organisten fekk i gang eitt lite prosjektkor for 1-4. klasse frå hausten av og fram til jul. Barnekoret deltok i messa julekvelden kl. 14.00. Ragnvald vil fortsetje korarbeidet med born også i året som kjem.

**Konfirmantarbeidet:**
Det vart om våren konfirmert 29 ungdommar i Vågåkyrkja i to flotte seremoniar. Desse konfirmantane deltok på HEKTA leir på Lillehammer i januar/februar. Kyrkjelydspedagogen, kyrkjeverja og leiar i soknerådet var med frå stab/råd.

Det nye store kullet som skal konfirmerast våren 2025 starta opp i august med pilgrimsvandring og presentasjonsgudsteneste. Tysdagar og onsdagar fram til jul vart nytta til undervisningstimer, desse foregjekk i kyrkja. Det har ved kvar samling vore eitt måltid, noko som foreldra har ordna med.
Organisten vart ansvarleg for konfirmantopplegget frå august i år sidan vi ved oppstart var utan fast prest. Det vart ei fin ordning for alle. Han har hatt litt praktisk bistand frå sekretær og kyrkjelydspedagog med papirer og praktisk tilrettelegging. Frå oktober fekk vi prest på plass så da vart ho og med i konfirmanttimane. Organisten skal fullføre undervisninga med 2025 kullet. Det er heile 44 konfirmantar som har vore med oss sidan august.

*Ubundne fond/disposisjonsfond:*

| **Disposisjonsfond 5560010** | **Debet** | **Kredit** |
|---|---|---|
| Inngående balanse | | 13 660 |
| Avsatt i året | | |
| Brukt i året | | |
| Utgåande balanse | | 13 660 |

| **Musikkfond 5560060** | |
|---|---|
| Inngåande balanse | 11 033 |
| Avsett i året | |
| Brukt i året | |
| Utgåande balanse | 11 033 |

*Bundne driftsfond:*

| **Gåvefond 5510010** | |
|---|---|
| Inngåande balanse | 912 409 |
| Avsett i året | 59 463 |
| Brukt i året | 43 603 |
| Utgåande balanse | 928 269 |

| **Avsett til tjærebreiing 5510020** | |
|---|---|
| Inngåande balanse | 359 871 |
| Avsett i året | 310 000 |
| Brukt i året | |
| Utgåande balanse | 669 871 |

| **Gravlegat 5510030** | |
|---|---|
| Inngåande balanse | 48 136 |
| Avsett i året | 2 010 |
| Brukt i året | 9 775 |
| Utgåande balanse | 40 371 |

| **Hekta 5510035** | |
|---|---|
| Inngåande balanse | 18 496 |
| Avsett i året | |
| Brukt i året | 18 496 |
| Utgåande balanse | 0 |

| **Fond frivillig innsats 5510043** | |
|---|---|
| Inngåande balanse | 20 000 |
| Avsett i året | |
| Brukt i året | |
| Utgåande balanse | 20 000 |

| **Fond kulturarrangement 5510044** | |
|---|---|
| Inngåande balanse | 14 961 |
| Avsett i året | |
| Brukt i året | |
| Utgåande balanse | 14 961 |

| **Arv Knut og Anna Randen 5510050** | |
|---|---|
| Inngåande balanse | 1 136 583 |
| Avsett i året | 1 538 |
| Brukt i året | 49 981 |
| Utgåande balanse | 1 088 140 |

# 8 Framtidsutsikter og avslutning

2024 fortsette litt slik som fjoråret slutta. Det var fortsatt vakanse i organiststillinga fram til 1. juli, i tillegg fekk vi og eit år med tilsette ute i sjukmeldingar. Det vart og ekstra tungt for alle med kyrkjegardsarbeidaren sin brå bortgang tidleg i oktober.
Heldevis fekk vi på gravplassen god hjelp frå kommunen og Frank Larsen frå vaktmestertenesta. Frank har ei tid vore med som ekstrahjelp og fast vikar på gravplassen og har etter kvart vorte trygg på det meste som har med oppmåling og graving å gjere. Det kom godt til nytte nå i oktober.

Ein ser at all uroa dette året har vore energikrevjande og det har teke svært mykje tid. I mange høve har det vore skaffa vikarar til alle ledda i både gravferder og gudstenester. Dette, samt sjukemeldingar, gjorde at ein vart bakpå med fleire av dei ordinære arbeidsoppgåvene i store delar av året. Dei har vore eitt mål for dei tilsette at det ikkje skulle gå utover publikum og brukarar av våre tenester, noko vi føler vi har greidd. Men det har sin pris i slitasje på dei tilsette. Det har til tider vore vanskeleg å oppretthalde både motivasjon og arbeidslyst.

Nå må ein sjå framover. Det er gledeleg at vi opprettheld oppmøte til kyrkjelege handlingar og at vi klarer å levere gode tenester. Det er vårt mål å forkynne evangeliet om Jesus Kristus i ord og handling. Dette er kyrkja sitt kjerneoppdrag – å formidle det kristne bodskapet til heile folket og bidra til tru, håp og kjærleik i samfunnet.

Kyrkja skal vere ein god møtestad der alle er velkomne, i alle livsfasar.
Vågåkyrkja skal framstå som ein god møteplass for alle i glede og i sorg. Det er det både dei tilsette og Vågå sokneråd jobbar fram mot.

Vi har store arbeidsoppgåver i året som kjem med Bispevisitas i september og utgjeving av bok om Vågåkyrkja 400 år. Vi set og neste år som startskotet for 400 års feiringa til kyrkja vår. Forhåpentlegvis skal vi og få gjennomført tjærebreiing av kyrkja – eitt nødvendig og etterlengta arbeid.
Dette krev eitt godt samarbeid og god kontakt mellom stab og sokneråd.

Til slutt ein takk til alle som bidreg inn og berikar kyrkjelivet i Vågå. Vi set pris på dykk alle!
Vi har også i år gode samarbeidspartnerar. Vi nemner Tessand Hjelpeforening, Frivilligsentralen, Vågå kommune, Kjell Erik Killi Olsen på Sandbukapellet, Vågå bygdekvinnelag, vertsskapet på Borkhus sæter, frivillige på rakedugnad og vask, konfirmantforeldre som stiller opp når vi spør, foreldre i trusopplæringsaktivitetar og alle som bidreg med musikk i messer og gravferder.

Vågå, 8. mai 2025
For Vågå sokneråd
Kari Fossen
Konstituert kyrkjeverje